

# Fiskeribiologiske undersøkingar i kalka innsjøar i Rogaland 2000



Stavanger, mars 2001

**AMBIO** AS  
MILJØRÅDGIVNING



**Godesetdalen 10  
4033 STAVANGER**

**Tel.: 51 95 88 00**

**Fax.: 51 95 88 01**

**E-post: [post@ambio.no](mailto:post@ambio.no)**

**Tittel:**

## **Fiskeribiologiske undersøkingar i kalka innsjøar i Rogaland 2000**

**Kunde:** Fylkesmannen i Rogaland

**Forfattar:** Knut Robberstad

**Dato:** mars 2001

**Prosjekt nr.:** 10003

**Rapport nummer:** 10003 - 1

**Antal sider:** 56 + vedlegg

**Distribusjon:** Open

**ISSN-nr.:**

**Prosjektleder:** Jostein Nordland

**Arbeid utført av:** Knut Robberstad, Jostein Nordland, Solbjørg Hidle, Ulla P. Ledje

**Stikkord:** Fiskebestand, prøvafiske, kalking, forsuring, djupnekart

### **Samandrag:**

I Rogaland vert det årleg gjennomført kalking av 200 – 300 innsjøar. Fylkesmannen i Rogaland yter økonomisk tilskot, og har ansvaret for å fylgja opp resultatane av kalkingsverksemda. Som eit del av denne oppfylginga, engasjerte Fylkesmannen i Rogaland Ambio Miljørådgivning til å gjennomføra fiskeribiologiske undersøkingar i 15 innsjøar i Rogaland i 2000, frå Sauda i nord til Sokndal i sør. Innsjøane vart undersøkt med prøvegarn, og feltundersøkingane skjedde i perioden 6. juli – 25. september 2000. I tre av innsjøane vart planktonsamfunnet i innsjøen og botndyrfaunaen i utløpsbekken undersøkt. I seks av innsjøane vart det gjennomført djupnemålingar som grunnlag for utarbeiding av djupnekart.

Alle dei undersøkte innsjøane var ramma av forsuring før kalkinga starta. I ein skilde av desse var bestandane utrydda, og ny fisk vart sett ut etter kalking. Andre hadde forsuringsskader i form av redusert rekruttering av ungfisk.

I to av innsjøane vart det fanga røye i tillegg til aure, medan det i ein innsjø med kjende bestandar av både aure og røye berre vart fanga aure. I ein av dei kalka innsjøane vart det ikkje fanga fisk i det heile.

Undersøkinga viser at 13 av dei 14 innsjøane der det vart fanga fisk, nå har livskraftige bestandar av fisk. I ein av innsjøane kan det synast som om reproduksjonen er usikker, truleg grunna i dårleg vasskvalitet. Av dei undersøkte innsjøane, vart 5 bestandar vurdert som tette i høve til næringsgrunnet, (kjenneteikna av mykje småfallen fisk, og med under middels kondisjon og kvalitet). Det var 8 bestandar som vart rekna som middels tette og i rimeleg god balanse med næringsgrunnet.

Ei av dei viktigaste utfordringane i innsjøar som vert kalka og får auka reproduksjon, er å unngå at bestandane vert for store og tette i høve til næringsgrunnet. Som oftast er det eit hardare fiske, særleg med småmaska garn, som skal til for å unngå dette. I ein skilde tilfelle der tilhøva ligg til rette for det, kan ein regulera bestanden ved å redusera rekrutteringa av ungfisk gjennom å redusera gyteområda.

*Framsidedfoto: Fisk fanga i Guddalsvatn, Sokndal kommune, 2. – 3. august 2000. Foto: Knut Robberstad*

# Innhald

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>METODAR OG OMFANG.....</b>	<b>4</b>
2.1	FISKE MED PRØVEGARN .....	4
2.2	UNDERSØKING AV MAGEINNHALD .....	5
2.3	UNDERSØKING AV BUNNDYRFAUNA.....	5
2.4	UNDERSØKING AV PLANKTONORGANISMAR.....	6
2.5	DJUPNEMÅLINGAR .....	6
2.6	UNDERSØKTE INNSJØAR.....	6
<b>3</b>	<b>RESULTAT .....</b>	<b>7</b>
3.1	GARNFISKE OG UNDERSØKTE FISKEMAGAR.....	7
3.1.1	NEDRA SVORTETJØRN .....	12
3.1.2	VATNDALSVATN .....	14
3.1.3	MOSVARVATN.....	16
3.1.4	DALAVATN.....	20
3.1.5	BYRKJELANDSVATN .....	22
3.1.6	EINARVATN.....	23
3.1.7	MATTISVATN.....	26
3.1.8	HEIMRE FAGERVATN .....	28
3.1.9	YTRE FAGERVATN .....	31
3.1.10	UALANDSVATN.....	34
3.1.11	HELGESVATN .....	39
3.1.12	GAUDLANDSVATN.....	42
3.1.13	SÆTRAVATN .....	45
3.1.14	GUDDALSVATN.....	48
3.1.15	MYRSTØLVATN.....	50
3.2	BOTNDYRFAUNA.....	53
3.3	PLANKTONORGANISMAR .....	54
3.4	DJUPNEMÅLINGAR .....	54
<b>4</b>	<b>REFERANSAR.....</b>	<b>55</b>
	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>56</b>

# 1 INNLEIING

Rogaland er eit av dei fylka i Noreg der forsuring av innsjøar og vassdrag har størst omfang, og også eit av dei fylka der det blir gjort størst innsats for å bøte på skadeverknadene av forsuringa. Årleg vert det kalka eit stort tal større og mindre innsjøar og elvar i fylket. Stortinget løyver årleg budsjettmidlar til kalking gjennom handsaminga av Statsbudsjettet.

Denne rapporten presenterer resultat frå prøvafiske utført i eit utval på 15 av desse innsjøane i 2000. Prøvafisket er gjennomført etter eit opplegg skissert av Fylkesmannen i Rogaland i brev dagsett 5. april 2000. Prøvafisket er gjennomført i perioden 6. juli – 25. september.

Føremålet med undersøkingane har vore å framskaffe data om bestandssituasjonen, og opplysningane vil kunne nyttast til eventuelle justeringar av kalkingsstrategi og forvaltning av fiskebestandane i dei enkelte innsjøane.

Grunneigarane i innsjøane har i mange tilfelle gjeve verdifull hjelp gjennom opplysningar, lån av båt og anna. Det vert retta ei generell takk til grunneigarane for denne hjelpa.

## 2 METODAR OG OMFANG

### 2.1 FISKE MED PRØVEGARN

Til innsamling av materiale i innsjøane vart det nytta såkalla “miljøgarn”, også kalla oversiktsgarn. Dette er spesiallaga garn som er 30 m lange og 1,5 m djupe, og som er sett saman av 12 seksjonar à 2,5 m. Alle seksjonane har ulike maske-storleikar; jamfør oversynet nedanfor. Garna vart sette som botngarn, frå stranda og omlag vinkelrett utover. Med unnatak av Ualandsvatn og Gaudlandsvatn, vart det ikkje nytta flytegarn.

Garna består av følgjande maskestorleikar (mm, målt langs tråden frå knute til knute):

43	19,5	6,25	10	55	8	12,5	24	15,5	5	35	29
----	------	------	----	----	---	------	----	------	---	----	----

Følgjande data vart registrert:

- Lengde (mm)
- Vekt (gram)
- Kjøttfarge (raud, lyseraud, kvit)
- Kjønn
- Kjønnsmodning (gytefisk, gjellfisk)
- Mageinnhald (hovedgrupper, bestemt i felt)
- Skjellprøvar (otolittar hos røye) vart samla inn for aldersbestemming.

Det vart teke skjellprøvar for aldersbestemming av eit representativt utval av fiskefangsten, ca 25 fisk frå kvart vatn. Utvalet vart gjort ved å legge fiskane på rekke etter aukande storleik, og plukke ut annankvar eller tredjekvar fisk, avhengig av talet på fanga fisk. Kjøttfarge, kjønn, kjønnsmodning og

mageinnhald er undersøkt berre på dei utvalde fiskane. Var fangsten mindre enn 25 fisk, vart det teke skjellprøvar og registrert andre data frå samtlige fiskar.

Data om lengde og vekt er brukt til å rekne ut K-faktoren (kondisjonsfaktoren). K-faktoren er eit vanleg brukt mål for kor godt i hald fisken er. Jo høgare K-faktor, jo feitare fisk. Det er vanleg å rekne at "normalt" feit aure har ein K-faktor på ca 1. Faktoren vert rekna ut etter formelen:

$$\text{K-faktor} = \frac{(\text{vekt, gram}) \times 100}{(\text{lengde, cm})^3}$$

## 2.2 UNDERSØKING AV MAGEINNHALD

Mageinnhaldet vart undersøkt i felt på dei fiskane som det vart teke skjellprøvar av.

Fyllingsgraden vart vurdert etter fylgjande inndeling:

<b>Fyllingsgrad</b>	0	1	2	3	4	5
<b>% av vurdert full mage</b>	0 - Tom	20	40	60	80	100

Mageinnhaldet vart grovt vurdert til å tilhøyra fylgjande hovudgrupper av næring:

- Botndyr
- Plankton
- Luft/overflateinsekt
- Fisk
- Anna

Vidare vart det vurdert kor stor del (på volumbasis) dei ulike næringsgruppene utgjorde av det totale næringsmaterialet i den einskilde fiskemagen.

Eit døme: Fyllingsgrad 2, Plankton 30, Botndyr 50, Luftinsekt 20 tyder at fiskemagen er 40% full, og dette mageinnhaldet fordeler seg volummessig med 30% plankton, 50% botndyr og 20% luftinsekt, totalt 100%.

Innhaldet i fiskemagane frå fisken i Helgesvatn og Gaudlandsvatn vart individuelt samla inn og konservert i 70% etanol for seinare bestemming. Rådata frå bestemminga er vist i vedlegg 5.

## 2.3 UNDERSØKING AV BUNNDYRFAUNA

Det vart samla inn prøvar av bunndyrfaunaen frå bekkar i fylgjande innsjøar:

- Helgesvatn (Eigersund kommune): innløpsbekk og utløpsbekk
- Gaudlandsvatn (Sokndal kommune): innløpsbekk og utløpsbekk
- Ualandsvatn (Lund kommune): utløpsbekk

Bunndyrprøvene vart samla inn vha. "sparke-metoden", der ein med foten sparkar/rotar opp bunnsstratet, og vha. av ein håv med ramme (25 x 18 cm) og maskevidde 500 µm nedstraums, samlar opp det materialet som driv med straumen nedover. Det vart samla inn bunndyr frå alle dei forskjellige typar habitat som var representert i bekkane. Det innsamla materialet vart konservert på 70% etanol for seinare bestemming.

## 2.4 UNDERSØKING AV PLANKTONORGANISMAR

Det vart samla inn prøvar av planktonorganismar i fylgjande innsjøar:

- Helgesvatn (Eigersund kommune)
- Gaudlandsvatn (Sokndal kommune)
- Ualandsvatn (Lund kommune)

Det vart nytta planktonhåv med maskevidde 100 µm. Det vart gjennomført vertikale håvtrekk i pelagialsona og horisontale håvtrekk i littoralsona i innsjøane. Det innsamla planktonmaterialet vart konserverert på 4% formaldehyd-løysing for seinare bestemming.

## 2.5 DJUPNEMÅLINGAR

Djupnemålingar vart gjort med ekkolodd langs rette liner på kryss og tvers i vatnet, der djupna vart avlest med faste mellomrom og med konstant fart på båten. I følgjande vatn vart det gjennomført djupnemålingar som grunnlag for utarbeiding av djupnekart:

- Nedra Svortetjørn (Sauda kommune)
- Vatndalsvatn (Sauda kommune)
- Mosvarvatn (Vindafjord kommune)
- Dalavatn (Strand kommune)
- Byrkjelandsvatn (Forsand kommune)
- Myrstølvatn (Sokndal kommune)

Djupnekarta i vedlegg 7 er utarbeidde av miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland.

## 2.6 UNDERSØKTE INNSJØAR

Innsjøane som er undersøkte i 2000 er vist i tabell 2.1.

**Tabell 2.1 Oversyn over undersøkte innsjøar.**

Innsjø	Kommune	Kart, (Kartreferanse UTM, ca.)	Høgde over havet, m	Dato	Antal garn
Nedra Svortetjørn	Sauda	1314-3 (32V LM, 555 160)	333	5. september	2
Vatndalsvatn	Sauda	1314-3 (32V LM, 555 140)	572	5. september	4
Mosvarvatn	Vindafjord	1213-4 (32V LM, 175 055)	674	2. september	4
Dalavatn	Strand	1213-2 (32V LL, 350 490)	291	13. juli	6
Byrkjelandsvatn	Forsand	1212-2 (32V LL, 375 310)	343	6. juli	4
Einarvatn	Lund	1312-2 (32V LK, 605 915)	505	11. juli	4
Mattisvatn	Lund	1312-3 (32V LK, 485 875)	434	11. juli	4
Heimre Fagervatn	Lund	1311-4 (32V LK, 565 765)	211	2. august	4
Ytre Fagervatn	Lund	1311-4 (32V LK, 570 750)	240	2. august	4
Ualandsvatn	Lund	1312-3 (32V LK, 465 885)	190	25. september	6+ 1*
Helgesvatn	Egersund	1211-1 (32V LK, 310 875)	Ca. 160	27. august	6
Gaudlandsvatn	Sokndal	1311-4 (32V LK, 395 770)	Ca. 130	27. august	6+ 1*
Sætravatn	Lund	1312-3 (32V LK, 570 910)	375	4. august	4
Guddalsvatn	Sokndal	1311-4 (32V LK, 500 725)	176	3. august	5 **
Myrstølvatn	Sokndal	1311-4 (32V LK, 515 800)	259	4. august	4

\* Det vart fiska med 6 botngarn og 1 flytegarn.

\*\* I Guddalsvatn vart det nytta 6 garn, men eitt av desse forsvann, slik at fiskefangsten som er rapportert var fanga på 5 garn.

## 3 RESULTAT

### 3.1 GARNFISKE OG UNDERSØKTE FISKEMAGAR

Sidan skjellprøvar i dei fleste vatna vart tatt frå eit utval av fangsten, er det gjort ei samanlikning av gjennomsnittsvekt og K-faktor for hhv. totalfangsten og dei utvalde fiskane. (tabell 3.1). For røye er det teke otolittar (og ikkje skjellprøvar) for aldersbestemming. Samanlikninga indikerar at utvalet er nokonlunde representativt for fangsten i dei enkelte vatna.

**Tabell 3.1 Samanlikning av data for skjellprøve-materiale og totalmateriale**

Lokalitet	Antall fisk totalt	Antal fisk med skjellprøvar	Skjellprøvemateriale		Totalfangst	
			Gjennomsnittsvekt, gram	K-faktor	Gjennomsnittsvekt, gram	K-faktor
Nedra Svortetjørn	11	11	61	0,98	61	0,98
Vatndalsvatn	14	14	148	0,90	148	0,90
Mosvarvatn, aure	20	20	167	0,91	167	0,91
Mosvarvatn, røye	22	21	63	0,83	60	0,83
Dalavatn	122	27	55	0,84	50	0,85
Byrkjelandsvatn *	0	0	0	0	0	0
Einarvatn	53	26	79	0,93	78	0,94
Mattisvatn	25	25	174	0,98	174	0,98
Heimre Fagervatn	12	12	81	0,88	81	0,88
Ytre Fagervatn	12	12	88	0,87	88	0,87
Ualandsvatn, botngarn **	132	19	95	0,90	84	0,89
Ualandsvatn, flytegarn ***	88	20	110	0,89	109	0,89
Helgesvatn	22	22	95	0,95	95	0,95
Gaudlandsvatn, aure	31	30	80	0,94	79	0,94
Gaudlandsvatn, røye	2	2	120	0,93	120	0,93
Sætravatn	21	20	70	0,92	68	0,92
Guddalsvatn	13	13	114	0,98	114	0,98
Myrstølvatn	12	12	55	0,90	55	0,90

\* Ingen fiskefangst. \*\* 1 fisk er utelatt (550mm, 1900g, K-1,14) \*\*\* 1 fisk er utelatt (350mm, 420g, K - 0,98).

**Tabell 3.2 Resultat av fiske med garn**

Lokalitet	Totalt antal fisk	Antal fisk pr. garn	Antal kg fisk pr. garn	Største fisk, gram
Nedra Svortetjørn	11	5,5	0,33	258
Vatndalsvatn	14	3,5	0,52	310
Mosvarvatn, aure	20	5,0	0,84	443
Mosvarvatn, røye	22	5,5	0,33	320
Dalavatn	122	20,3	1,02	145
Byrkjelandsvatn *	0	0	0	0
Einarvatn	53	13,3	1,03	245
Mattisvatn	25	6,3	1,08	780
Heimre Fagervatn	12	3,0	0,24	225
Ytre Fagervatn	12	3,0	0,26	175
Ualandsvatn, botngarn **	132	22	1,85	162
Ualandsvatn, flytegarn ***	88	88	9,59	165
Helgesvatn	22	3,67	0,35	333
Gaudlandsvatn, aure	31	5,17	0,41	177
Gaudlandsvatn, røye	2	0,33	0,04	140
Sætravatn	21	5,3	0,36	165
Guddalsvatn ****	13	2,6	0,30	348
Myrstølvatn	12	3,0	0,17	84

\* Ingen fiskefangst \*\* 1 fisk er utelatt (550mm, 1900g, K-1,14) \*\*\* 1 fisk er utelatt (350mm, 420g, K-0,98).  
 \*\*\*\* I Guddalsvatn vart det nytta 6 garn, men eitt av desse forsvann, slik at fiskefangsten som er rapportert var fanga på 5 garn.



**Tabell 3.3 Oversikt over kjøttfarge, kjønnsfordeling og kjønnsmodning**

Lokalitet	Kjøttfarge			Kjønnsfordeling		Kjønnsmodning	
	Raud %	Lyseraud %	Kvit %	Han %	Ho %	Gytefisk %	Gjellfisk %
Nedra Svortetjørn	0	0	100	55	45	9	91
Vatndalsvatn	43	14	43	36	64	36	64
Mosvarvatn, aure	20	40	40	65	35	40	60
Mosvarvatn, røye	9	41	50	73	27	18	82
Dalavatn	0	19	81	44	56	56	44
Byrkjelandsvatn *	0	0	0	0	0	0	0
Einarvatn	0	8	92	74	26	19	81
Mattisvatn	12	44	44	72	28	24	76
Heimre Fagervatn	0	33	67	75	25	42	58
Ytre Fagervatn	0	67	33	92	8	75	25
Ualandsvatn, botngarn	5	49	46	59	41	59	41
Ualandsvatn, flytegarn	0	55	45	60	40	55	45
Helgesvatn	5	41	54	73	27	9	91
Gaudlandsvatn, aure	3	7	90	58	42	52	48
Gaudlandsvatn, røye	50	50	0	100	0	100	0
Sætravatn	10	19	71	67	33	38	62
Guddalsvatn	15	23	62	31	69	23	77
Myrstølvatn	0	17	83	33	67	17	83

\* Ingen fiskefangst

Mageinnhaldet vart i felt undersøkt på all fisk som vart plukka ut for skjellprøvetaking, jfr tabell 3.1. Det vart vurdert kor stor del kvar næringssemnegruppe utgjorde (volum-basis). For kvart enkelt vatn vart det deretter rekna ut kor stor del av dei undersøkte magane som hadde dominans av dei ulike næringsgruppene. Resultata er presenterte i tabell 3.4 og 3.5, og gjev eit grovt bilete av fisken sitt fødeval ved prøvetakingstidspunktet. I Dalavatnet vart ikkje magefyllingsgraden registrert, mageinnhaldet er derfor ikkje volum-vekta.

**Tabell 3.4 Mageinnhald, volumfordeling av næringssemner (resultata er vekta mot. fyllingsgrad i fiskemagane).**

Lokalitet	Antal magar undersøkt	Næringssemne, frekvensfordeling					Sum
		Botndyr	Plankton	Luftinsekt	Fisk	Anna	
Nedra Svortetjørn	11	17	52	31	0	0	100
Vatndalsvatn	14	33	29	38	0	0	100
Mosvarvatn, aure	20	0	1	99	0	0	100
Mosvarvatn, røye	22	0	67	22	0	11	100
Dalavatn *	27	4	75	2	0	Tom: 19%	100
Byrkjelandsvatn **	0	0	0	0	0	0	0
Einarvatn	26	0	13	87	0	0	100
Mattisvatn	25	0	5	95	0	0	100
Heimre Fagervatn	12	68	20	12	0	0	100
Ytre Fagervatn	12	15	61	24	0	0	100
Ualandsvatn, botngarn	20	6	94	0	0	0	100
Ualandsvatn, flytegarn	20	0	100	0	0	0	100
Helgesvatn	21	8	51	41	0	0	100
Gaudlandsvatn, aure	28	52	25	23	0	0	100
Gaudlandsvatn, røye	2	77	0	23	0	0	100
Sætravatn	21	2	84	10	0	4	100
Guddalsvatn	13	70	26	4	0	0	100
Myrstølvatn	12	13	34	53	0	0	100

\* Fyllingsgrad er ikkje registrert. Næringssemna er derfor ikkje vekta m.o.t. volum.

\*\* Ingen fiskefangst

**Tabell 3.5 Mageinnhald, forekomst av ulike næringssemne i % av fiskemagane.**

Lokalitet	Antal magar undersøkt	Næringssemne, forekomst i % av magane					
		Botndyr	Plankton	Luftinsekt	Fisk	Anna	Tom
Nedra Svortetjørn	11	9	36	45	0	0	18
Vatndalsvatn	14	57	64	57	0	0	7
Mosvarvatn, aure	20	0	5	90	0	0	5
Mosvarvatn, røye	22	0	45	14	0	5	41
Dalavatn	27	11	78	4	0	0	19
Byrkjelandsvatn	0	0	0	0	0	0	0
Einarvatn	26	0	15	77	0	0	23
Mattisvatn	25	0	4	44	0	0	56
Heimre Fagervatn	12	25	17	8	0	0	75
Ytre Fagervatn	12	8	42	17	0	0	58
Ualandsvatn, botngarn	20	5	60	0	0	0	40
Ualandsvatn, flytegarn	20	0	67	0	0	0	33
Helgesvatn	21	43	81	76	0	0	0
Gaudlandsvatn, aure	28	93	32	36	0	0	4
Gaudlandsvatn, røye	2	100	0	100	0	0	0
Sætravatn	21	5	62	19	0	5	33
Guddalsvatn	13	54	23	15	0	0	31
Myrstølvatn	12	8	25	42	0	0	50

Presentasjonen av resultatata frå dei einiskilde vatna er gjort etter eit standard oppsett, med diagram som viser fylgjande informasjon:

- lengdefordeling ( 1-cm klassar)
- vekstkurve (tilbakerekna vekst ved hjelp av skjellavlesing)
- aldersfordeling (alder oppgitt som tal vintrar)
- tilhøvet mellom lengde og kondisjonsfaktor
- mageinnhald, fordelt på hovudgrupper av næringssemner. Framstillinga er vekta med omsyn til fyllingsgrad (gjeld ikkje Dalavatnet, der fyllingsgrad ikkje vart registrert).

Lengdefordelingsdiagramma er ordna slik at til dømes søyla for lengde 40 cm representerer fisk frå og med 39,1 cm til og med 40,0 cm.


I diagramma med vekstkurver er det lagt inn ei rett referanseline som representerer ein gjennomsnittleg vekst på 5 cm pr. år. Dette er gjort for betre å kunne samanlikne veksten mellom dei ulike vatna.

I overfolka vatn med mykje småfallen fisk er det ofte vanskeleg å aldersbestemma fisken korrekt ut frå lesing av fiskeskjell. Dette pga. vekststagnasjon og utydeleg avsetting av vekstsonar i skjellstrukturen. Det er normalt ein tendens til å underestimera fiskealderen under slike tilhøve ved lesing av skjell. Dette kan medføra usikkerhet når det gjeld framstilling av aldersfordeling og vekstkurve for den undersøkte bestanden.


Diagrammet som syner tilhøvet mellom lengde og kondisjonsfaktor gjev ein indikasjon på korleis tilgangen på næring er, og dermed på korleis storleiken på fiskebestanden er i høve til næringsgrunnlaget. I vatn med tendensar til overfolking vil ein ofte sjå at den minste (yngste) fisken har relativt høg kondisjonsfaktor, medan kondisjonsfaktoren avtek markert med aukande fiskelengde.

Vurderingane av bestandssituasjonen i vatna er gjort på grunnlag av alle dei presenterte resultatata.


## 3.1.1 NEDRA SVORTETJØRN




Figur 3.1.1.1 Lengdefordeling, Nedra Svortetjørn




Figur 3.1.1.2 Vekstkurve, Nedra Svortetjørn



Figur 3.1.1.3 Aldersfordeling, Nedra Svortetjørn



Figur 3.1.1.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, Nedra Svortetjørn




Figur 3.1.1.5 Volumfordeling av næringssemner, Nedra Svortetjørn (vekta mot. fyllingsgrad).

### **Kommentar**


Nedra Svortetjørn har vore kalka sidan 1990, i utløpet vart det i oktober 1999 registrert ein pH verdi på 6,86. Fiskefangsten var 11 fisk på 2 garn, med ein gjennomsnittleg kondisjonsfaktor på 0,98, som viser at fisken er omlag normalt feit og med fin kondisjon. Tilhøvet mellom lengde og kondisjon viser at fisken vert magrare med aukande fiskelengde, dette vert normalt rekna som eit teikn på at bestanden er i ubalanse med næringsgrunnlaget. Gjennomsnittleg vekt var vel 60 gram, medan største fisken vog 258 gram. Lengdefordelinga viser at hovudtyngda av fisken er i lengdeintervallet 15 – 20 cm, berre ein fisk var lengre enn 23 cm. All fisken var kvit i kjøtet. Berre den største fisken (ho, 258 g) vart vurdert til å skulle gyta hausten 2000. Aldersfordelinga viser at bestanden synest å ha god rekruttering, der 9 av 11 fisk vart aldersbestemt til å vera 1-årig, medan eldste fisken vart vurdert å vera 4 år. Aldersfordelinga er noko usikker, fordi det i tette bestandar ofte kan vera vanskeleg å bestemma alderen korrekt ved lesing av fiskeskjell, med underestimert alder som resultat. Årleg tilvekst er god, utan tydelege teikn til utflating i tilveksten. Nær femteparten (18%) av fiskane hadde tomme magar, medan luftinsekt vart funne i 45% av magane, plankton i 36% av magane og botndyr i 9% av fiskemagane. Plankton var det dominerande næringssemnet, med 52% av volumet.

Bestanden vert vurdert å vera noko over middels tett, og utfordringa framover vert å unngå at den gode rekrutteringa med mykje ung fisk fører til ein for tett bestand i høve til næringsgrunnlaget.


## 3.1.2 VATNDALSVATN




Figur 3.1.2.1 Lengdefordeling, Vatndalsvatn




Figur 3.1.2.2 Vekstkurve, Vatndalsvatn



Figur 3.1.2.3 Aldersfordeling, Vatndalsvatn



Figur 3.1.2.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, Vatndalsvatn



Figur 3.1.2.5 Volumfordeling av næringsemner, Vatndalsvatn (vekta mot. fyllingsgrad).

### Kommentar


Vatndalsvatn har vore kalka sidan 1992, og etter kalking vart det i oktober 1999 målt ein pH-verdi i utløpet på 7,05. Det vart registrert ein pH-verdi på 6,15 i utløpet 28.mai 2000.

Fiskefangsten var 14 fisk på 4 garn, med ein gjennomsnittleg kondisjonsfaktor på 0,90 – som viser at fisken er noko under normalt feit. Gjennomsnittleg vekt var på 148 gram, medan største fisken vog 310 gram. Lengdefordelinga i fangsten låg i intervallet 15 – 32 cm, og 8 fisk (57%) var lengre enn 23 cm. Aldersfordelinga viser at alle aldersgruppene var representert, der 2-år gamal fisk dominerte og utgjorde vel 35 % av fangsten. Eldste fisken vart vurdert å vera 5 år. Den årlege tilveksten er svært god fram til 4-års alder. Tilhøvet mellom fiskelengde og kondisjonsfaktor tyder på at bestanden synest å vera i rimeleg god balanse med næringsgrunnlaget. Aldersstrukturen er som forventa i ein balansert bestand. Like mange fisk var raude som kvite i kjøtet (43% for kvar gruppe), medan 14% var lyseraude i kjøtet. Kjønsfordelinga var noko skeiv i fangsten, med 64% hoer. Av 5 fisk (64%) som vart vurdert å skulle gyta hausten 2000, var tre hannar og to hoer. Magane hos 7 % av fiskane var tomme, medan plankton vart funne i 64% av magane, botndyr i 57% og luftinsekt i 57% av magane. Volummessig dominerte luftinsekta, med 38% av samla næringsvolum.


Vatndalsvatn har ein middels tett og fin aurebestand med god tilvekst, som synest å vera i god balanse med næringsgrunnlaget.

### 3.1.3 MOSVARVATN


Det vart fanga både aure og røye i Mosvarvatn. Prøvefiskeresultata for dei to artane vert presentert grafisk kvar for seg, men vert oppsummert og kommentert felles.



Figur 3.1.3.1 Lengdefordeling for aure, Mosvarvatn




Figur 3.1.3.2 Vekstkurve for aure, Mosvarvatn







Figur 3.1.3.3 Aldersfordeling for aure, Mosvarvatn




Figur 3.1.3.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor for aure, Mosvarvatn




Figur 3.1.3.5 Volumfordeling av næringsemner for aure, Mosvarvatn (vekta mot. fyllingsgrad).




Figur 3.1.3.6 Lengdefordeling for røye, Mosvarvatn



Figur 3.1.3.7 Aldersfordeling for røye, Mosvarvatn



Figur 3.1.3.8 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor for røye, Mosvarvatn.



Figur 3.1.3.9 Volumfordeling av næringsemner for røye, Mosvarvatn (vekta mot. fyllingsgrad).

## **Kommentar**

Mosvarvatn vart første gong kalka i 1992, og etter kalking vart det 25 oktober 1992 registrert ein pH-verdi i utløpet på 6,82. I utløpet vart det 30. oktober 1999 registrert ein pH-verdi på 6,73.

### Aure

Fiskefangsten var 20 aure på 4 garn, med ein gjennomsnittleg kondisjonsfaktor på 0,91 – som viser at fisken er noko under normalt feit. Gjennomsnittleg vekt var på 167 gram, medan største fisken vog 443 gram. Aldersfordelinga viser at bestanden har god og jamn rekruttering. Aldersfordelinga tyder på ein dominans av 2 og 3-årig fisk (60% av fangsten). Av fangsten var 20% raud og 40% lyseraud i kjøtet. Kjønnfordelinga var noko skeiv, med 65% hannar. Av fangsten vart 40% vurdert å skulle gyta hausten 2000 (7 av 8 gytefisk var hannar). Lengdefordelinga viser at hovuddelen av fisken er i lengdeintervalla 17-20 cm og 31-35 cm, og heile 45% av fiskefangsten er lengre enn 23 cm. Årleg tilvekst er god fram til 3-års alder, med teikn til utflating frå 3 til 5 år. Vekstkurva og tilhøvet mellom fiskelengde og kondisjonsfaktor tyder på at bestanden er i rimeleg balanse med næringsgrunnlaget. Aurebestanden er vurdert til å vera middels tett.


### Røye

Fiskefangsten var 22 røye på 4 garn, med ein gjennomsnittleg kondisjonsfaktor på 0,83 – som viser at fisken er noko under normalt feit. Røye er normalt noko slankare enn aure, og ei ”normalt feit” røye har såleis ein kondisjonsfaktor på 0,9. Gjennomsnittleg vekt var nær 63 gram, medan største fisken vog 320 gram. Fisken er generelt noko småfallen, der over tre fjerdepartar av fangsten er mindre enn 19 cm. Kjønnfordelinga var svært skeiv i fangsten, med 73% hannar. Nær femteparten av fisken vart vurdert å vera gytefisk hausten 2000, alle desse var hannar. Fleire fisk let seg ikkje aldersbestemma ved lesing av otolittane. Aldersfordelinga tyder likevel på at rekrutteringa er god, og at bestanden også består av eldre fisk, sjølv om fleire årsklassar tilsynelatande manglar i garnfangsten. Eldste fisken vart aldersbestemt til 10 år. Sjølv om aldersmaterialet er noko lite, er det teikn som kan tyda på at røyebestanden viser brukbar tilvekst fram til 5-6-års alder, for deretter å flate ut. Tilhøvet mellom aukande fiskelengde og kondisjon viser ei positiv utvikling, som normalt tyder på at bestanden er i balanse med næringstilgangen – dette sjølv om kondisjonen er i noko dårlegaste laget.


Ikkje uventa viste aure og røye ulikt næringsvalg i vatnet. Heile 95% av aurane hadde innhald i magane, og luftinsekt var det fullstendig dominerande næringsemnet. Vel 40% av røyene hadde tomme magar, medan plankton vart funne i 45% av magane, luftinsekt i 14% og anna materiale vart funne i 5% av magane. Hos røye dominerte plankton mageinnhaldet, med 67% av volumet.

Mosvarvatn har middels tette bestandar av aure og røye som har både god rekruttering og eldre fisk. Begge bestandane er i under middels godt hald, men synest å vera i rimeleg balanse med næringsgrunnlaget. Årleg tilvekst i begge bestandane er god fram til 5-6-års alder, der veksten synest å flate ut. Ein bør prøva å forsiktig auka fiskeuttaket i bestandane av både aure og røye, då særleg retta inn mot den minste fisken, dette for å unngå at bestandane vert for tette. Eit forsiktig auka fiskeuttak i begge bestandane vil bidra til å auka kvaliteten på både aure og røye.


### 3.1.4 DALAVATN




Figur 3.1.4.1 Lengdefordeling, Dalavatnet




Figur 3.1.4.2 Vekstkurve, Dalavatnet



Figur 3.1.4.3 Aldersfordeling, Dalavatnet



Figur 3.1.4.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, Dalavatnet



Figur 3.1.4.5 Volumfordeling av næringsemner, Dalavatnet.

Fyllingsgrad i magane er ikkje registrert. Næringsemna er derfor ikkje vekta mot. volum.

### **Kommentar**

Dalavatnet er regulert til kraftføremål. Under prøvefisket 12.-13. juli var vatnet nedtappa om lag 60cm under normal vasstand, dette grunna i brot på røyrgata til kraftstasjonen og reparasjonsarbeid i samband med dette. Dalavatnet vart kalka første gongen i 1995. Det vert i dag ikkje tilført kalk direkte i Dalavatnet, men innsjøen får tilført kalka vatn frå om lag 20 innsjøar oppstøms som vert kalka. Ved utløpet av Dalavatnet vart det i mai/juni 2000 registrert ein pH-verdi på 6,28.

Totalfangsten var 122 fisk med ein fangstinnsetts på 6 garnnetter. Fisken er etter måten småfallen, med ein gjennomsnittleg K-faktor på 0,85 og gjennomsnittleg vekt på om lag 50 gram for totalfangsten. Største fisken som vart fanga var på 145 gram. Av totalt 122 fisk var 7% (9 stk) 23 cm eller lengre. Aldersfordelinga viser at om lag 45% av fisken er 3 år gamal, og det aller meste av fisken er mellom 15 og 20 cm lang. Det er også eit rimeleg bra innslag av eldre fisk i bestanden, den eldste fisken vart aldersbestemt til 6 år. Veksten synest å flata ut når fisken vert 3 år gamal. Bestanden viser tydelege teikn på å vera overfolka, erfaringsmessig kan det vera vanskeleg å bestemma korrekt alder på fisken vha. skjellavlesing under slike tilhøve. Normalt vert alderen underestimert, med usikker aldersstruktur og vekstkurve som resultat. Innslaget av gytefisk i fangsten er etter måten stor, over halvparten vart

vurdert å skulle gyta hausten 2000. Kondisjonsfaktoren viser at fisken jamnt over er heller mager og av middels til dårleg kvalitet, samstundes som tilhøvet mellom lengde og K-faktor er avtakande ved aukande fiskestorleik. Dette er ofte eit teikn på at bestanden er for tett i høve til næringsgrunnlaget. Ingen av fiskane hadde raud kjøtfarge, vel 80% av fisken var kvit i kjøtet, resterande 20% var lyseraud på farge.

Rekrutteringa av ungfisk til bestanden synest å vera god i Dalavatnet. Lengdefordelinga og fangsten i garn som vart sette for å påvisa eventuell forekomst av ørekyte (sjå under) tyder på at ungfisken er svært ung når dei slepp seg frå gytebekken og ned i Dalavatnet.

Nær femtedelen (19%) av fiskane hadde tomme magar. Plankton vart funne i heile 78% av magane, botndyr i 11% og luftinsekt i 4% av fiskemagane. Fyllingsgraden i magane vart ikkje registrert, men plankton var det klart volummessig dominerande næringsemnet i magane med innhald.

Bestanden vert vurdert å vera overfolka i høve til næringsgrunnlaget, med fisk av middels til dårleg kvalitet. Utfordringa i Dalavatnet vert å redusera rekrutteringa til aurebestanden, og å auka fiskeuttaket. Dette vil bidra til at fiskebestanden vert i betre balanse med næringsgrunnlaget, og dermed vil og fiskestorleiken og kvaliteten kunna auka.

#### *Ørekyte*

Det har vore mistanke om utsetjing av ørekyte i Dalavatnet. Det vart gjennomført elektrofiske med elektrisk fiskeapparat etter ørekyte i dei grunne strandområda. Eit omlag 850 m<sup>2</sup> stort strandområde langs nordvestre stranda vart overfiska 1 gong. Ørekyte vart ikkje påvist. Det vart fanga 1 stk aure, med alder 0+. Det vart også fiska med 4 stk finmaska garn etter ørekyte på grunt vatn i sørvestre del av vatnet. Ørekyte vart ikkje påvist. På desse garna vart det imidlertid fanga 30 stk små aurar. Lengde og vekt vart ikkje registrert, og inngår ikkje i det ordinære prøvofiskeresultatet som er rapportert. Desse fiskane vart vurdert til hovudsakeleg å vera i alders-gruppene 0+ og 1+. Eit fåtal vart vurdert til å vera i aldersgruppe 2+.


Ørekyte vart heller ikkje påvist i mageinnhaldet hos aure i Dalavatnet.

### **3.1.5 BYRKJELANDSVATN**


Det vart 13. juni 2000 registrert ein pH-verdi på 6,45 i utløpet av vatnet.

Det vart fiska med ein fangstinnsats på 4 garnnetter. Det vart ikkje fanga fisk i det heile i Byrkjelandsvatn.


## 3.1.6 EINARVATN




Figur 3.1.6.1 Lengdefordeling, Einarvatn




Figur 3.1.6.2 Vekstkurve, Einarvatn



Figur 3.1.6.3 Aldersfordeling, Einarvatn



Figur 3.1.6.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, Einarvatn



Figur 3.1.6.5 Volumfordeling av næringsemner, Einarvatn (vekta mot. fyllingsgrad).

### Kommentar

Det vart starta kalking i Einarvatn i 1983. Før kalking var det berre ein restbestand av ikkje-reproduserande aure att i vatnet. Det vart sett ut fisk frå Bjerkreim og Egersund i 1983 og 1984 (Persson 1989). Vatnet vart vurdert til å vera litt overfolka i 1986. I 1989 (Persson) vart bestanden karakterisert som middels tett. Vatnet vart også prøvafiska i 1991 (Persson 1992), då vart bestanden omtala som alt for tett, og utfisking med småmaska garn vart tilrådd. I utløpet vart det 16.mai 2000 registrert ein pH-verdi på 5,73.

Resultat frå prøvafise gjennomført i ulike år er vist i oversikta under.

År	Garn, antal	Fangst	Middel-vekt, (g)	K-faktor	Hannar	Gytfisk	Raud/lyseraud
1989	3 *	36	126	1,19			
1991	4 *	83	109	0,94			
<b>2000</b>	<b>4</b>	<b>53</b>	<b>78</b>	<b>0,94</b>	<b>74%</b>	<b>19%</b>	<b>8%</b>

\* del av "Jensen-garnserie"




Fangsten ved prøvafisket i 2000 var 53 aure på 4 garn. Gjennomsnittleg storleik var 78 gram, medan største fisken vog 245 gram. Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor på 0,94 tyder på at fisken er noko under middels feit. Fangsten var dominert av 3 år gamal fisk (vel 40%), med lengde 20-22 cm. Vekstkurva viser at fisken har god vekst fram til 3-års alder, men deretter stagnerer veksten. Årleg tilvekst synes å vera forbetra i høve til 1991. Det vart ikkje fanga fisk eldre enn 4 år. Av totalt 53 fiskar var 28% (15 stk) 23 cm eller lengre. Fangsten var kjønnsmessig svært skeiv, med 74% hannar. Av 5 fisk som vart vurdert å skulle gyta hausten 2000, var 4 hoer og 1 hann. Heile 92% av fisken var kvit i kjøtet, resten var lyseraud.

Tilhøvet mellom kondisjonsfaktor og fiskelengde viser at kondisjonen vert dårlegare med auka fiskelengd, noko som oftast vert rekna som eit teikn på at bestanden er for tett og i ubalanse med næringsgrunnlaget. Samanlikna med resultatata frå prøvafisket i 1991, er kondisjonsfaktoren den same, medan middelvekta er gått ned frå 109 til 79 gram. Oversiktsgarna som er nytta i seinare år, fangar imidlertid fisk av mindre storleik enn Jensen-serien som tidlegare vart nytta.


Nær fjerdeparten (23%) av fiskane hadde tomme magar, det var luftinsekt i 77% av magane og plankton vart funne i 15% av magane. Luftinsekt var det klart dominerande næringsemnet, med 87% av volumet.

Bestanden vert fortsatt vurdert å vera for tett, med småfallen fisk av middels kvalitet som resultat. Eit kraftigare fiske med småmaska garn vert tilrådd, for å auka kvalitet og storleik på fisken.


## 3.1.7 MATTISVATN




Figur 3.1.7.1 Lengdefordeling, Mattisvatn




Figur 3.1.7.2 Vekstkurve, Mattisvatn



Figur 3.1.7.3 Aldersfordeling, Mattisvatn



Figur 3.1.7.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, Mattisvatn



Figur 3.1.7.5 Volumfordeling av næringsemner, Mattisvatn (vekta mot. fyllingsgrad).

### Kommentar

I utløpet vart det 29.mai 2000 registrert ein pH-verdi på 5,36.

Fiskefangsten var 25 aurar på 4 garn. Gjennomsnittleg storleik var 174 gram, medan største fisken var 780 gram. Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor (0,98) viser at fisken er i normalt godt hald. Tilhøvet mellom lengde og kondisjonsfaktor viser at kondisjon vert betre med aukande fiskelengde, dette vert ofte rekna som positivt og eit teikn på at bestanden er i balanse med næringstilgangen. Vekstkurva viser ein gjennomgåande god årleg tilvekst, utan teikn til vekststagnasjon. Særleg frå 2-års alder er tilveksten særst god. Både aldersfordelinga og lengdefordelinga viser at det er god rekruttering til bestanden, samstundes som det også er eldre fisk - eldste fisk vart aldersbestemt til 5 år.


Lengdefordelinga stadfestar den gode og jamne tilveksten, der ingen av fiskane er i lengdeintervallet 18-23 cm. To-årig fisk har ikkje nådd å veksa inn i denne lengdegruppa, samstundes som alle tre-åringane er vokse ut av lengdegruppa. Av totalt 25 fiskar var 48% (12 stk) 23 cm eller lengre. Av fisken var 12% raud i kjøtet, medan 44% var lyseraude. Kjønnfordelinga var svært skeiv i fangsten, med 72% hannar. Om lag fjerdeparten av fiskane vart vurdert å skulle gyta hausten 2000.

Over halvparten av fiskane hadde tomme magar, og luftinsekt vart funne i 44% av magane.


Volummessig var luftinsekt det klart dominerande næringsemnet, med 95% av næringsvolumet.

Mattisvatn har ein middels tett aurebestand, som så langt viser god vekst utan stagnasjon, og som synest å vera i god balanse med næringsgrunnlaget. Fiskeuttaket kan truleg aukast noko, for ytterlegare å betra kondisjon og kvalitet på fisken i bestanden.


### 3.1.8 HEIMRE FAGERVATN




Figur 3.1.8.1 Lengdefordeling, Heimre Fagervatn




Figur 3.1.8.2 Vekstkurve, Heimre Fagervatn



Figur 3.1.8.3 Aldersfordeling, Heimre Fagervatn



Figur 3.1.8.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, Heimre Fagervatn



Figur 3.1.8.5 Volumfordeling av næringsemner, Heimre Fagervatn (vekta mot. fyllingsgrad).

### Kommentar

Heimre Fagervatn var fisketomt fram til 1987, då det vart starta kalking i vatnet, og fisk vart sett ut i vatnet i åra 1987, -88 og 90 (Persson 1994). Vatnet vart prøvofiska i 1989 og 1992 (Persson 1989 og 1994). I 1989 var gjennomsnittleg kondisjonsfaktor 0,94 med svært god tilvekst, og bestanden vart omtala som middels tett. I 1992 var tilveksten god fram til 4-års alder, men utflating i veksten for eldre fisk. Bestanden vart rekna for middels tett.

Vatnet vart også prøvofiska med oversiktsgarn i juli 1995 (Espen Enge, pers. medd.). I 1995 viser fisken fortsatt god vekst fram til 4-års alder, seinare utflating, og gjennomsnittleg kondisjon var på 1,06. Bestanden vart rekna for passeleg tett, det var teikn til noko svikt i reproduksjonen. Resultata er oppsummert i oversynet under.

År	Garn, antal	Fangst	Middel-vekt, (g)	K-faktor	Hannar	Gytefisk	Raud/lyseraud
1989	6	30	133	0,94			
1992 *	8	32	154	1,13			
1995	3	14	155	1,06	50%	93%	14%
<b>2000</b>	<b>4</b>	<b>12</b>	<b>81</b>	<b>0,88</b>	<b>75%</b>	<b>42%</b>	<b>33%</b>

\* "Jensen-garnserie"

Prøvefisket utført i august 2000 gav ein totalfangst på 12 fisk på 4 garn. Dette er eit noko lite fangstmateriale til å gje eintydige og klare konklusjonar, men det vil likevel gje ein del indikasjonar på bestandstilhøva.

Gjennomsnittleg vekt var på vel 80 gram, medan største fisken var 225 gram. Lengdefordelinga viser stor spreiding i fiskelengda, men den dominerande lengda er i lengdegruppa 17 cm. Av totalt 12 fiskar var 3 stk (25%) 23 cm eller lengre. Aldersfordelinga viser at alle årsklassar opp til 4 år er tilstades, og at det er relativt stor andel ung fisk. Eldste fisken vart vurdert å vera 4 år. Årleg tilvekst er god, utan teikn til utflating. Gjennomsnittleg K-faktor på 0,88 viser at fisken er i under middels godt hald. Tilhøvet mellom aukande fiskelengde og kondisjon viser at fisken vert magrare ved auka fiskelengde, noko som normalt vert rekna som eit teikn på at bestanden er for tett i høve til næringsgrunnlaget. I


Tredjeparten av fisken var lyseraud i kjøtet, resten var kvit. Heile 75% av fangsten var hannar, og 42% av fangsten vart vurdert å skulle gyta hausten 2000. Heile 75% av fiskane hadde tomme magar, botndyr vart funne i 25% av magane og plankton i 17% av magane. På volumbasis var botndyr det dominerande næringsemnet, med 68% av innhaldet i magane.

Ved prøvefisket i 1995 (Espen Enge, pers. medd.) vart det ikkje fanga fisk yngre enn 3 år, og det var teikn på sviktande reproduksjon. I oktober 1995 vart det målt ein pH-verdi på 4,94 i utløpet. Seinare kalking har betra vasskvaliteten, og 26. mai 2000 vart det målt ein pH-verdi på 5,91 i utløpet.


I 1995 vart bestanden karakterisert som passeleg tett. Samanlikna med prøvefisket i 1995 (same garntypen vart nytta i 1995 og 2000), har både gjennomsnittleg vekt og kondisjon gått monaleg ned. Varierende vasskvalitet kring 1995 kan ha ført til sviktande reproduksjon. Alderssamansettinga tyder på at det no er jamn tilgang på ungfisk i bestanden. Varierende vasskvalitet kan også verka inn på fiskens næringstilgang, og på fiskens evne til å nyttiggjera seg denne næringa.

Forbetra reproduksjon og god tilvekst på fisken ved fortsatt kalking inneber ein risiko for at bestanden kan verta for tett, med småfallen fisk av dårleg kvalitet som resultat. Fiskeuttaket bør etter dette fortsetta, gjerne med auka innsats mot den yngre og minste fisken.


## 3.1.9 YTRE FAGERVATN




Figur 3.1.9.1 Lengdefordeling, Ytre Fagervatn




Figur 3.1.9.2 Vekstkurve, Ytre Fagervatn



Figur 3.1.9.3 Aldersfordeling, Ytre Fagervatn



Figur 3.1.9.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, Ytre Fagervatn



Figur 3.1.9.5 Volumfordeling av næringsemner, Ytre Fagervatn (vekta mot. fyllingsgrad).

### Kommentar

Ytre Fagervatn vart kalka første gongen i 1993. Det er ikkje rapportert om tidlegare utførte prøvafiskeundersøkingar i vatnet. I utløpet vart det 27. mai 2000 registrert ein pH-verdi på 5,53.

Prøvefisket utført i august 2000 gav ein totalfangst på 12 fisk på 4 garn. Dette er eit noko lite fangstmateriale til å gje eintydige og klare konklusjonar, men det vil likevel gje ein del indikasjonar på bestandstilhøva. Gjennomsnittleg vekt var på 88 g, medan største fisken var 175 g. Vekstkurva viser god tilvekst utan teikn til vekststagnasjon. Aldersfordelinga viser at 2-åringane (årsklassa 1998) klart dominerer fangsten. Eldste fisken vart vurdert å vera 3 år. Fangsten vart dominert av fisk med lengde 24 - 26 cm. Av totalt 12 fiskar var 50% (6 stk) 23 cm eller lengre.

Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor (0,87) viser at fisken er i magraste laget, samstundes som tilhøvet mellom lengde og kondisjonsfaktor viser at kondisjonsfaktoren avtek med aukande fiskelengde. Dette vert normalt rekna som eit teikn på noko tett fiskebestand i høve til næringsgrunnlaget.




Ingen av fiskane var raude i kjøtet, medan heile 83% hadde kvit kjøtfarge. Berre 2 fiskar var lyseraude, og begge desse var lengre enn 23 cm. Kjønnfordelinga i fangsten var svært skeiv, berre 1 av 12 fiskar var ho, resten var hannar (92%). Hofisken skulle til å gyte hausten 2000. Av dei 11 hannane vart 8 vurdert til å vera gytefisk hausten 2000.

Heile 58% av fiskane hadde tomme magar, plankton var tilstades i 42% av magane, medan luftinsekt vart funne i 17% av magane. Plankton var det volummessig dominerande næringemnet, med vel 60% av mageinnhaldet.


Fisken i Ytre Fagervatn har ein god vekstutvikling, men er i under middels godt hald og noko mager. Det naturlege næringstilfanget i vatnet er truleg under middels, og utfordringa framover vert å hindra at bestanden vert for stor i høve til næringsgrunnlaget. Det bør fiskast noko meir enn i dag.

### 3.1.10 UALANDSVATN


Det vart fiska med både botngarn (6 stk) og flytegarn (1 stk) i Ualandsvatn. Det vart *berre fanga aure* i garna, men det skal også vera ein røyebestand i vatnet. Prøvefiskeresultata for botngarna og flytegarnt vert presentert grafisk kvar for seg, men vert oppsummert og kommentert felles.




Figur 3.1.10.1 Lengdefordeling, botngarn, Ualandsvatn.  
Eldste fisken (550 mm 8 år) er ikkje med i grunnlaget for kurva.




Figur 3.1.10.2 Vekstkurve, botngarn, Ualandsvatn.  
Eldste fisken (8 år) er ikkje med i grunnlaget for kurva.




Figur 3.1.10.3 Aldersfordeling, botngarn, Ualandsvatn




Figur 3.1.10.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, botngarn, Ualandsvatn. Ein fisk med lengde 550 mm og K-faktor 1,14 er ikkje inkludert i grunnlaget for kurva.




Figur 3.1.10.5 Volumfordeling av næringsemner, for botngarn, Ualandsvatn (vekta mot. fyllingsgrad).




Figur 3.1.10.6 Lengdefordeling, flytegarn, Ualandsvatn




Figur 3.1.10.7 Vekstkurve, flytegarn, Ualandsvatn



Figur 3.1.10.8 Aldersfordeling, flytegarn, Ualandsvatn



Figur 3.1.10.9 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, flytegar, Ualandsvatn. Ein fisk med lengde 350 mm og K-faktor 0,98 er ikkje inkludert i grunnlaget for kurva.



Figur 3.1.10.10 Volumfordeling av næringsemner, for flytegar, Ualandsvatn (vekta mot. fyllingsgrad).

### Kommentar

Ualandsvatn vart kalka første gongen i 1990, og vart sist kalka sommaren 1995. Etter kalking har pH-verdien variert mellom 6,2 og 6,5. I tida etter avslutta kalking svingar pH mellom 5,5 og 6,0 (Espen Enge, pers. medd.). I utløpet vart det 29. mai 2000 registrert ein pH-verdi på 6,35.

Det har tidlegare vore gjennomført prøvafiske i vatnet i åra 1975, 1992, 1994 og 1995 (Berg 1976, Persson 1994 og Espen Enge, pers. medd.). Det har i tidlegare undersøkingar vore påvist røye i vatnet, men røye vart ikkje fanga ved undersøkinga i 2000. Ved prøvafisket i 1975 viste auren normal tilvekst, og var av fin kvalitet. Ved undersøkingane i både 1992, 1994 og 1995 vert vatnet vurdert å vera overfolka og aurebestanden for tett i høve til næringsgrunnlaget, med låg kondisjon og småfallen fisk som resultat. I 1992 var det ikkje teikn på vekststagnasjon, men utfisking av bestanden vart likevel tilrådd for å få større fisk. I 1994 viser fangstmaterialet klare teikn på vekststagnasjon frå 4-års alder, og i 1995 frå 3-års alder og oppnådd fiskelengde på omlag 25 cm. Ei samanliknande oppstilling av fangsten ulike år er vist under.

År	Garn, antal	Fangst	Middel-vekt, (g)	K-faktor	Hannar	Gytefisk	Raud/lyseraud
1975	7 botngarn *	16 aure 6 røye		1,04	56%	0%	100%
1992	8 botngarn *	44 aure 1 røye	91 91	0,83 0,62			
1994	6 botngarn	113 aure	71	0,82	63%		Ca 40%
1995	6 botngarn	163 aure 5 røye	61	0,89	56%	74%	25%
<b>2000</b>	<b>6 botngarn 1 flytegarn</b>	<b>132 aure 88 aure</b>	<b>95 110</b>	<b>0,89 0,89</b>	<b>59% 60%</b>	<b>59% 55%</b>	<b>54% 55%</b>

\* Jensen garnserie

Undersøkinga i 2000 stadfestar i stor grad funna frå undersøkingane på 1990-talet. Det har tidlegare ikkje vore rapportert om at fisken i vatnet har vore infisert av parasittar. Grunneigarane opplyser at dei i dei seinare åra har vore plaga med at fisken er parasittinfisert. Dette vart stadfesta ved undersøkinga i 2000. Graden av parasittar i fisken som vart mageundersøkt vart vurdert skjønsmessig, og fordeler seg som vist i oversynet under. Heile 19% av fisken på flytegarnet hadde eit stort parasitt-angrep, medan det var om lag like stor del av fangsten som ikkje hadde parasittar på begge garntypene. Parasittangrep i ein fiskebestand er normalt eit teikn på overfolking.


Garntype	Grad av parasitt-angrep (% fisk som er angrepen)				Sum
	Ingen	Lite	Middels	Stort	
Botngarn	65	5	25	5	100
Flytegarn	62	14	5	19	100

Fangstmaterialet kan tyda på at botngarna og flytegarnet fangar ulike deler av aurebestanden. Lengdefordelinga viser at botngarna fangar fisk med større spreing i lengda enn flytegarnet. Den minste fisken er fanga på botngarna, medan den "større" fisken opp mot 28 cm lar seg fanga på begge garntypene. På botngarna var omlag 55% av fiskane lengre enn 23 cm, medan tilsvarande tal for flytegarnet var omlag 70%. Aldersfordelinga viser at fangsten på botngarna er dominert av 3-år gamal fisk, medan 4-åringane dominerer i fangsten på flytegarnet. På botngarn vart det ikkje fanga fisk eldre enn 8 år, medan eldste fisken på flytegarnet vart aldersbestemt til å vera 6 år. Fisken som vart fanga på flytegarnet viser normal tilvekst fram til alder 4 år, deretter flatar tilveksten ut. Det vart berre fanga to fisk som var 6 år eller eldre, og desse viste kraftig auke i tilveksten frå 6-års alder (den eldste hadde K-faktor 1,14). Dette kan skuldast overgang til fiskediett.


Fisken som vart fanga på botngarn synest å visa eit betre tilhøve mellom kondisjon og aukande fiskelengde enn fisken fanga på flytegarn. Ei nærliggande forklaring på dette kan vera at ein relativt stor del av den totale bestanden (fangsten på flytegarn, 88 fisk, var 4 gonger så stor pr. garn som for botngarna) står høgt i vatnet og beitlar på plankton. Ein tett del-bestand som viser slik avtakande kondisjon med aukande lengde, tyder på at fiskebestanden er mykje for tett i høve til næringsgrunnlaget. Fisken som vart fanga på botngarn viser ein meir positiv trend, der fisken vert i betre kondisjon med auka lengde. Begge del-fangstane har imidlertid ein gjennomsnittleg kondisjonsfaktor (K-0,89) som viser at fisken er for mager. Av fisken på botngarna hadde 40% tomme magar, plankton var det volummessig dominerande næringsemnet med 94% av mageinnhaldet, medan botndyr utgjorde 6%. På flytegarnet hadde tredjeparten tomme magar, og samtlige fisk med mageinnhald hadde berre ete plankton.

Undersøkinga i 2000 stadfestar i stor grad funna frå undersøkingane på 1990-talet. Vatnet er overfolka med fisk av middels til dårleg kvalitet, og med eit visst parasittproblem. Utfisking av bestanden vert sterkt tilrådd for å auka storleik og kvalitet på fisken.


## 3.1.11 HELGESVATN




Figur 3.1.11.1 Lengdefordeling, Helgesvatn




Figur 3.1.11.2 Vekstkurve, Helgesvatn



Figur 3.1.11.3 Aldersfordeling, Helgesvatn



Figur 3.1.11.4 Forholdet mellom lengde og kondisjonsfaktor, Helgesvatn.



Figur 3.1.11.5 Volumfordeling av næringsemner, Helgesvatn (vekta mot. fyllingsgrad).

### Kommentar

Helgesvatn har vore kalka sidan 1988. I utløpet vart det 30. mai 2000 registrert ein pH-verdi på 6,17.

Grunneigarane til Helgesvatn gjennomførde eit prøvafiske 9-10. juli 2000 med 8 prøvafiskegarn ("Jensen-serie"). Rapporteringa frå dette prøvafisket er ikkje fullstendig, men fylgjande resultat kan trekkast fram. Totalfangsten var 37 fisk, med gjennomsnittleg vekt på 156 gram, medan største fisken var 410 gram. Halvdelen av fisken var lyseraud i kjøtet, medan 33% var kvit i kjøtet, berre 17% var raud på farge. Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var 0,89, som tyder på at fisken er i godt under middels godt hald. Tilhøvet mellom lengde og kondisjonsfaktor viste at kondisjonsfaktoren vart redusert med aukande fiskelengde.

Ved prøvafisket i august 2000 vart det nytta 6 garn, der fangsten var på 22 fisk, med ein gjennomsnittleg storleik på 95 g og største fisk var 333 g. Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var 0,95, noko som tyder på litt under normalt feit fisk. Kondisjonen viser ei negativ utvikling med aukande fiskelengde, noko som normalt vert rekna som eit teikn på noko tett bestand i høve til næringsgrunnlaget. Vekstkurva viser at fisken har ein god tilvekst.



Berre 5% av fisken var raud, medan 41% var lyseraud og 54% var kvit i kjøtet. Det var ei skeiv kjønnsfordeling i fangsten, med 73% hanner. Berre 9% av fangsten (2 hanner) vart vurdert å vera gytefisk hausten 2000. Aldersfordelinga viser at det er mykje ung fisk i fangsten, der 1 og 2-åringane utgjer om lag 70% av fangsten. Det vart ikkje fanga fisk eldre enn 4 år. Vel halvdelen av fisken er i lengdeintervallet 19 - 20 cm. Over 27% av fangsten var lengre enn 23 cm.


Alle fiskane hadde innhald i magane, der plankton var tilstades i 81%, luftinsekt i 76% og botndyr i 43% av fiskemagane. På volumbasis utgjorde næringsemnet plankton vel av næringsvolumet. Rådata frå nærare bestemming av mageinnhald er vist i vedlegg 5.

I august vart det fanga fisk som var mindre enn i juli, men kondisjonen var betre på fangsten i august. Resultata frå dei to prøvefiskeundersøkingane i 2000 kan ikkje samanliknast direkte, fordi det vart nytta ulike garnsamansetting, og desse fangar ulikt effektivt på dei ulike fiskestorleikane. Oversiktsgarna fangar ein større del av den mindre fisken enn Jensen-serien, noko som vert stadfesta av fiskefangstane i juli og august. Ein reknar at dei samansette oversiktsgarna gjev det mest representative uttaket av fiskebestanden. Resultata frå begge rundane med prøvefiske viser imidlertid om lag det same bildet.


